



Aage Bredor Børsheim
Ekregaten 15
5036 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1653 - 17/13763

Saksbehandlar:
Lillian Straumøy Brakstad
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:
29.06.2017

Godkjenning tiltak utan ansvarsrett - tilbygg fritidsbustad på Flatøy, gbnr 1/128.

Administrativt vedtak. Saknr: 187/2017

Tiltakshavar: Aage Børsheim

Tiltak: Søknad om tiltak etter plan og bygningslova (pb l) § 20- 4 , jf § 20- 1 .

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad etter Plan- og bygningslova § 20- 4, motteke 21.06.2017 i Meland kommune. Søknaden gjeld oppføring av tilbygg til fritidsbustad på 8,5 m² på gbnr 1/128 på Flatøy.

Vurdering:

Planstatus:

Eigedomen er i kommuneplanen sin arealdel avsett til framtidig bebyggelse og anlegg.

Då tilbygget ikkje kjem nærare sjø enn eksisterande bygning, krev ikkje tiltaket dispensasjon frå forbod mot tiltak i strandsona, jf pkt 1.6.4 i føresegnene til kommuneplanen sin arealdel.

Nabovarsling:

Søknaden vart nabovarsla i perioden 14.05.– 14.06.2017, i samsvar med pbl § 21- 3. Det er ikkje motteke merknader frå nokon av dei varsla partane. Tiltaket vert etter dette rekna som tilstrekkeleg varsla, jf. pbl § 21 - 3.

Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden, jf vedlagt situasjonsplan motteke 21.06.2017. Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29 - 4.

Planløyising og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløyising og utsjånad og er i samsvar med Pbl § 29- 1 .

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinno: www.nordhordlandskart.no

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av av pbl § 20-4 løyve til oppføring av tilbygg til fritidsbustad med eit samla BYA på 8,5 m2 i samsvar med søknad og teikningar motteke 21.06.2017, på gbnr 1/128 - Flatøy.

Plassering og utføring av tiltaket skal vera som vist på vedlagt situasjonsplan og plan- og fasadeteikningar godkjend 29.06.2017.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så framt det ikkje er gjort unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyvet er gitt, fell det bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf pbl § 21-9.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr. Det kan klagast over kva for punkt i gebyrregulativet gebyret er berekna ut frå.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

1-128

Mottakere:

Aage Bredor Børsheim

Ekgregaten 15

5036

BERGEN